

Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne har fått seg lagt føre utkast til temaplan "Likeverd i Hordaland fylkeskommune" og har i den samanheng fylgjande innspel:

- Temaplanen er brent anlagt men mangelen på konkretisering og visning til arbeid som har vore gjort og som skal gjerast i ulike handlingsplanar, rutiner og reglement må ikkje brukast som ein forskyving av ansvar. Etter RMNF sin meining er «likeverd i Hordaland fylkeskommune» eit så viktig tema at dette området burde vore ein Regional plan med tilhøyrande handlingsplanar.
- Likeverdsplakaten viser i stor grad til allereie etablerte tenester, og burde i større grad vore brukt til å legge fram nye initiativ og nyskapningar frå fylkeskommunen si side, og bygge opp ein framtidsretta strategi for høgare integrering av grupper som idag i stor grad fell utanom fellesskapet.
- Punktet om universell utforming (side 7) som eit hovudfokusområde treng ein presisering.

"Universell utforming er planlegging og utforming av produkt, varer og tenester som skal hindre at vi skapar funksjonshemmande barrierar. Dette skal difor omfatte alle fylkeskommunale tenester, som kommunikasjonskanalar, bygningsmasse, transportmiddel og tenester frå underleverandørane. Det er viktig at tenestene støttar opp om og gjev brukarane høve til å vere sjølvhjelpe. Utfordringane kring universell utforming er komplekse, og kompetansen på området må stadig utviklast for å forstå behovet for tilrettelegging».

RMNF vil foreslå fylgjande tillegg:

**Viktige funksjonskrav for menneske med nedsett funksjonsevne må alltid bli innarbeida når tenester, programmer og rutinar vert utarbeid i fylkeskommunen. Fylkeskommunen må vere ein pådrivar og spreie kunnskap om universell utforming både innanfor og utanfor det fylkeskommunale apparatet. Ein oversikt over aktuelle tiltak innan universell utforming i fylket vil gje eit viktig bidrag til det kontinuerlige arbeidet med å hindre at samfunnsparkte barrierar utelukker store grupper av befolkninga.**

**Ved tiltak som skal settast igang innanfor universell utforming må det sikrast ein aktiv deltaking og medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Fylkeskommunen har eit særskilt viktig ansvar som premissleverandør for andre aktørar. I alt planarbeid skal relevant brukarside inn i prosessen frå start av.**

**Det må skapast ei bevisstgjering om at universell utforming er eit tiltak som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.**

**Ein universelt utforma fylkeskommune bidrar til å auke alle innbyggjarane si samfunnsdeltaking.**

**Fylkeskommunen må i sitt arbeid sørge for at universell utforming vert sikra ut over dei krav som vert stilt i dei ulike forskriftene. Fysiske omgjevnader og digitale løysningar som ikkje vert ivaretatt gjennom forskrifter må utformast i tråd med prinsipp om universell utforming.**

**Fylkeskommunen må sikre koordinert arbeid med universell utforming frå alle aktuelle deler av verksemda.**

**Ei kartlegging av status for universell utforming i fylkeskommunen må på plass og bli kontinuerlig arbeid med.**

«Hordaland fylkeskommune ønskjer eit mangfold av dyktige medarbeidarar, og må leggje til rette både for ei brei rekruttering og for å halde på dei tilsette. Ei balansert fordeling når det gjeld kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder verkar positivt inn på arbeidsmiljøet».

- Under punktet om likestilling og diskriminering vert følgjande tillegg til avsnittet føreslått:

**Stillingsannonser frå fylkeskommunen må innehalde ein fyldig orientering av at den er ei IA-bedrift og legge til rette for å være ein inkluderande arbeidsplass kor dei behov arbeidstakaren har for å få tilrettelagt arbeidsplass og arbeidssituasjon skal få høgaste prioritet.**

«HFK har nulltoleranse for mobbing og trakkassering, dette gjeld både som tenesteytar og arbeidsgjevar. Eit uttalt mål for fylkeskommunen er å redusera fråfallet i den vidaregåande skulen. Mobbing og utrygge skulemiljø er ofte ei medverkande årsak til at elevar sluttar i vidaregåande opplæring».

Undersøkelser viser at menneske med nedsett funksjonsevne er meir utsett for mobbing, krenkelser og diskriminering i skulen enn i befolkninga elles.

RMNF er gjort kjent med at mobbing og krenkelsar av LHBT-personar med flyktninge/minoritetsbakgrunn er eit aukande problem som krev særskilte tiltak.

- Hordaland fylkeskommune må både som arbeidsgjevar og tenesteytar gå inn for å skape høgare synlighet i forhold til likeverd, likestilling og inkludering.

- Hordaland fylkeskommune skal aktivt bidra til å auke kompetansen hos elever og lærarar når det gjeld menneske med nedsett funksjonsevne og kronisk sjuke.

05.04.2017

Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne